



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Møterom - Sunnfjord
Dato: 07.04.2022
Tid: Kl. 14:00 - 16:30

Følgande medlemmer møtte:

Helge Robert Midtbø
Håkon Myrvang
Siv Karin Hestad
Anne Lilleaasen
Steinar Kvame
Marius Dalin
Jenny Følling
Oddmund Klakegg
Ole Johnny Stubhaug
Gunn Merete Paulsen

Parti:

AP
AP
AP
H
H
MDG
SP
SP
SP
V

Forfall:

Åsmund Berthelsen

Parti:

SV

Møtande varamedlem:

Jakob Andre Sandal

Parti

SV

Andre:

Jan-Inge Hage	kommunalsjef teknisk og miljø
Julie Daling	rådgjevar
Kirstin Synnøve Bruland	kommunalsjef omsorg
Kurt Even Andersen	kommunalsjef helse og sosial
Lise Mari Haugen	assisterande kommunedirektør
Malin Solheim Moldestad	rådgjevar
Ole John Østenstad	kommunedirektør

Møteleiar: Jenny Følling

Underskrifter:

Jenny Følling s

Helge Robert Midtbø s.

Marius Dalin s.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
074/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
075/22	Klage på vedtak - avslag på dispensasjon - Detaljregulering Slåtten Nord, del 1 - gbnr. 23/48
076/22	Forankring av sil og vekstsoner i kommuneplanen sin arealdel
077/22	Opsjonsavtale for kjøp av tomt i sentrum sør, gbnr. 61/102
078/22	Godkjenning av refusjonsrekneskap for ny veg i Hafstad bydel (V2/o_SKV1)
079/22	Domstolsreforma – høyringssvar frå Sunnfjord kommune
083/22	Nasjonalanlegg for vektløfting i Sunnfjord - intensjon
080/22	Delegerte vedtak
081/22	Referatsaker
082/22	Orienteringar og spørsmål

074/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ordføreren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Følgande blir valde til å skrive under møteprotokollen:

Behandling i Formannskapet 07.04.2022:

Det var ingen merknad til innkallinga eller saklista.

Møteleiaren fremja følgande til å godkjenne protokollen:

Helge Robert Midtbø og Marius Dalin

Samrøystes vedtak

FORM- 074/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Følgande blir valde til å skrive under møteprotokollen:

Helge Robert Midtbø og Marius Dalin

075/22: Klage på vedtak - avslag på dispensasjon - Detaljregulering Slåtten Nord, del 1 - gbnr. 23/48

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje til følge klagen frå Arkoconsult AS på vegne av Tore Loneland av 20.01.2022, som gjeld vedtak i dispensasjonssak av 16.09.2021. Vedtaket vert framleis gjeldande.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerse.

Behandling i Formannskapet 07.04.2022:

Det var planlagt synfaring i møtet, men det vart utsett.

Saka vart difor utsett.

FORM- 075/22 Vedtak:

Synfaring i saka blir utsett til neste møte.

Behandling i Formannskapet 24.03.2022:

Utsettingsframlegg, fremja av Gunn Merete Paulsen (V):

Saka vert utsett.

Formannskapet ber om synfaring før ny behandling.

Avrøysting:

Venstre sitt utsettingsframlegg vart **samrøystes vedteke**

FORM- 064/22 Vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet ber om synfaring før ny behandling.

076/22: Forankring av sil og vekstsoner i kommuneplanen sin arealdel**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner silingskriteria (jf. forslag datert 30.03.22) som grunnlag for systematisk vurdering av arealinnspel til kommuneplanen sin arealdel.

Vekstsoner for dei prioriterte tettstadane i Sunnfjord vil gjelde som eit verktøy i siling av arealinnspela (jf. vekstsoner datert 31.03.22).

Silen vil også gjelde for vurderinga av utbyggingsområde frå dei gamle kommunedelplanane og arealdelane i samanslåingskommunane Gaular, Naustdal, Jølster og Førde.

Behandling i Formannskapet 07.04.2022:**Tilleggsframlegg om bustader frå AP, fremja av Siv Karin Hestad (AP):**

Tillegg i silingskriterium 5 av innspel til bustad: Prioritering av framtidige omsorgsbustader og bustader for førstegongsetablerarar

Tilleggsframlegg om fritidsbustader frå AP, fremja av Siv Karin Hestad (AP):

Ta ut silingskriterium 7 av innspel til fritidsbustad "Nærleik til og kvaliteten på busstilbod".

Endringsframlegg om fritidsbustader frå SP, fremja av Ole Johnny Stubhaug (SP):

Silingskriterie 1 for fritidsbustad blir delt i to:

Pkt. 1: Fortetting/utviding av allereie utbygde areal.

Pkt. 2: Område som er/blir tilrettelagt for fritidsbruk, reiseliv og naturopplevingar frå sjø til fjell

Endringsframlegg om bustader frå SP, fremja av Ole Johnny Stubhaug (SP):

Nytt silingskriterium for bustad: Utviding av eksisterande bustadfelt med infrastruktur

Endringsframlegg om vekstsoner frå SP, fremja av Ole Johnny Stubhaug (SP):

Vekstsoner for tettsteder blir utsett til neste møte.

Endringsframlegg frå MDG, fremja av Marius Dalin (MDG):

Silingskriterium 7 av innspel til fritidsbustad om busstilbod, blir lagt til under silingskriterium 4 om potensiale for god bukvalitet.

Avrøysting:

SP sitt framlegg om vekstsoner vart **samrøystes vedteke**

MDG sitt framlegg **fall** med 1 mot 10 røyster

AP sitt framlegg om bustader vart **samrøystes vedteke**

AP sitt framlegg om fritidsbustader **vart vedteke** med 10 mot 1 (MDG) røyst.

SP sitt framlegg om bustader vart **samrøystes vedteke**

Kommunedirektøren sitt framlegg, første og siste setning vart vedteke.

FORM- 076/22 Vedtak:

Formannskapet godkjenner silingskriteria (jf. forslag datert 30.03.22) som grunnlag for systematisk vurdering av arealinnspel til kommuneplanen sin arealdel, med følgende endringar:

- Tillegg i silingskriterium 5 av innspel til bustad: Prioritering av framtidige omsorgsbustader og bustader for førstegongsetablerarar.
- Nytt silingskriterium for bustad: Utviding av eksisterande bustadfelt med infrastruktur.
- Ta ut silingskriterium 7 av innspel til fritidsbustad "Nærleik til og kvaliteten på busstilbod".
- Silingskriterium 1 for fritidsbustad blir delt i to:
Pkt. 1: Fortetting/utviding av allereie utbygde areal.
Nytt pkt. 2: Område som er/blir tilrettelagt for fritidsbruk, reiseliv og naturopplevingar frå sjø til fjell

Vekstsoner for tettsteder blir utsett til neste møte.

Silen vil også gjelde for vurderinga av utbyggingsområde frå dei gamle kommunedelplanane og arealdelane i samanslåingskommunane Gaular, Naustdal, Jølster og Førde.

077/22: Opsjonsavtale for kjøp av tomt i sentrum sør, gbnr. 61/102

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Opsjonsavtale mellom Peak Property AS og Sunnfjord kommune signert den 07.03.2022 om kjøp av del av gbnr. 61/102 blir godkjent.
2. Kommunedirektøren få fullmakt til framforhandle og signere endeleg kjøpekontrakt dersom opsjonen blir nytta.

Behandling i Formannskapet 07.04.2022:

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes vedteke**

FORM- 077/22 Vedtak:

1. Opsjonsavtale mellom Peak Property AS og Sunnfjord kommune signert den 07.03.2022 om kjøp av del av gbnr. 61/102 blir godkjent.
2. Kommunedirektøren få fullmakt til framforhandle og signere endeleg kjøpekontrakt dersom opsjonen blir nytta.

078/22: Godkjenning av refusjonsrekneskap for ny veg i Hafstad bydel (V2/o_SKV1)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Refusjonsoppsett for fordeling av kostnader til opparbeiding av offentlig infrastruktur i Hafstad bydel mellom refusjonspliktige areal blir godkjent.

Behandling i Formannskapet 07.04.2022:**Avrøysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes vedteke**

FORM- 078/22 Vedtak:

Refusjonsoppsett for fordeling av kostnader til opparbeiding av offentlig infrastruktur i Hafstad bydel mellom refusjonspliktige areal blir godkjent.

079/22: Domstolsreforma – høyringsvar frå Sunnfjord kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Sunnfjord kommune sluttar seg til forslaget om høyring til domstolsreforma slik det kjem til uttrykk i saksframlegg datert 30.03.2022.

Sunnfjord kommune rår derfor frå at ein tilbakefører strukturen frå før domstolsreforma i 2021.

Behandling i Formannskapet 07.04.2022:**Endringsframlegg, fremja av Gunn Merete Paulsen (V):**

Ny andre setning i tilrådinga:

Sunnfjord kommune tilrår at ein opprettheld noverande struktur for Sogn og Fjordane jordskifterett.

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg, med V sitt endringsframlegg, vart **samrøystes vedteke**

FORM- 079/22 Vedtak:

Sunnfjord kommune sluttar seg til forslaget om høyring til domstolsreforma slik det kjem til uttrykk i saksframlegg datert 30.03.2022.

Sunnfjord kommune tilrår at ein opprettheld noverande struktur for Sogn og Fjordane jordskifterett.

083/22: Nasjonalanlegg for vektløfting i Sunnfjord - intensjon**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Sunnfjord kommune støttar initiativet frå Idrettsrådet i Sunnfjord kommune og Tambarskjelvar IL om å søke om nasjonal vektløftararena lagt til Førde Arena i Førde.

Behandling i Formannskapet 07.04.2022:

Endringsframlegg (MDG), fremja av Marius Dalin (MDG):

Stryke «lagt til Førde Arena i Førde».

Avrøysting:

MDG sitt framlegg **fall** med 1 (MDG) mot 10 røyster

Kommunedirektøren sitt framlegg **vart vedteke** med 9 mot 2 (MDG, SV) røyster

FORM- 083/22 Vedtak:

Sunnfjord kommune støttar initiativet frå Idrettsrådet i Sunnfjord kommune og Tambarskjelvar IL om å søke om nasjonal vektløftararena lagt til Førde Arena i Førde.

080/22: Delegerede vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Delegerede vedtak vert teke til vitande.

Behandling i Formannskapet 07.04.2022:

Samrøystes vedtak

FORM- 080/22 Vedtak:

Delegerede vedtak vert teke til vitande.

081/22: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert teke til vitande

Behandling i Formannskapet 07.04.2022:

Framlegg til vedtak, fremja av Ole Johnny Stubhaug (SP):

Sunnfjord kommune blir medlem i Trygg Trafikk og betalar medlemskontingent.

Ingen av medlemmene i formannskapet sette seg imot realitetsbehandling av SP sitt framlegg knytt til referatsak 3 "Sunnfjord kommune som medlem av Trygg Trafikk"

Avrøysting:

SP sitt framlegg vart **samrøystes vedteke**

FORM- 081/22 Vedtak:

Sunnfjord kommune blir medlem i Trygg Trafikk og betalar medlemskontingent.

Referatsakene blir tatt til vitande:

1. Klage på vedtak om dispensasjon for frådelling av tilleggsareal til fritidseigedom, gnr. 165, bnr. 8 i Sunnfjord kommune
2. Referat etter møte 002/2022 i styringsgruppa for Førdepakken:
3. Sunnfjord kommune som medlem av Trygg Trafikk

4. Covid midlar runde 7 - forslag til retningslinjer
5. Sunnfjord utvikling - vedtaksprotokoll frå styret

082/22: Orienteringar og spørsmål

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

Behandling i Formannskapet 07.04.2022:

Kommunedirektøren orienterte om følgande saker:

1. Ekstra møte i formannskapet onsdag 25. mai, kl. 12.00 – presentasjon av framlegg til økonomiplan
2. Ev. brannvernssamarbeid med Fjaler kommune
3. Ev. vertskommunesamarbeid i NAV
4. Branntomt på Sande – møte
5. Bygstad idretts- og fritidspark

FORM- 082/22 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.